

Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: fredag 8. mai 2020 12:50
Til: 'Øvrebø, Terje'
Emne: SV: Alver, gbnr. 304/1+25+63, konsesjon - klagesak

Hei.

Takk for tilbakemelding. Vi legg dykkar framstilling til grunn. Dere kan sjå bort frå vårt skriv som gjeld oversending til klagevurdering.

Vi fant vedtak frå 2004 §1, kor myndighet etter konsesjonslova er lagt til kommunen, sjå link [her](#).

Med dette heimelsgrunnlaget, legg vi til grunn at Fylkesmannen ikkje har klagerett då saka vert endeleg avgjort av kommunen. Eventuell klage frå part vert videresendt Fylkesmannen i Vestland.

Tone Furustøl | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 37 54 01

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Øvrebø, Terje [<mailto:fmsfTOV@fylkesmannen.no>]
Sendt: fredag 8. mai 2020 12:25
Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Emne: SV: Alver, gbnr. 304/1+25+63, konsesjon - klagesak

Hei

Var ute og åt. Lang lønsj i desse tider.

Ja, Fylkesmannen er klageinstans for vedtak etter konsesjonslova. Det betyr ikkje at Fylkesmannen har sjølvstendig klagerett (som i t.d. disp-saker etter PBL). Men: Dersom ein part eller annan med klagerett brukar retten sin, skal saka sendast til Fylkesmannen – dersom klaga ikkje vert teken til følge av kommunen. Etter det eg kunne sjå, fekk klagaren i saka her medhald fullt ut. Då er saka avgjort og ferdig. Ein annan ting er at det kanskje kan kome ei klage frå den som «mista» avståingsvilkåret i klageomgangen, men det vert eit nytt kapittel. Pr. i dag er dette ikkje ei sak som Fylkesmannen skal vurdere. Vi har som nemnt ikkje klagerett på konsesjonsvedtak.

Gjev dette meining?

Terje Øvrebø
57 64 30 78

Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl <tone.furustol@alver.kommune.no>

Sendt: 8. mai 2020 10:38

Til: Øvrebø, Terje <fmsfTOV@fylkesmannen.no>

Kopi: Silje Aileen Hjortland Haukedal <silje.haukedal@alver.kommune.no>

Emne: SV: Alver, gbnr. 304/1+25+63, konsesjon - klagesak

Hei.

Eg prøvde å ringe deg tilbake i dag.

På lik linje som ved byggesaker/delingsaker har vi oversendt klagesak med nytt vedtak om konsesjon til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.

Vi viser til at kommunen behandler og avgjør saker etter konsesjonsloven og Fylkesmannen er klageinstans, sjå siste avsnitt og link til dykkar nettside [her](#)

Tone Furustøl | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 37 54 01

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Øvrebø, Terje [<mailto:fmsfTOV@fylkesmannen.no>]

Sendt: torsdag 7. mai 2020 13:36

Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl

Emne: Alver, gbnr. 304/1+25+63, konsesjon - klagesak

Hei

Vi har motteke ei klagesak som gjeld konsesjon for overtaking av dei ovannemnde eigedomane. Av oversendingsbrevet går det fram at saka er sendt til Fylkesmannen «til klagevurdering».

Vart litt i stuss

Kan du ringe meg før kl. 14 00 i dag, eller i morgon?

Med helsing

Terje Øvrebø
seniorrådgjevar



Telefon: 57 64 30 78

E-post: fmsfTOV@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl